Omsynssoner

Temanotat

Forarbeid til kommuneplanens arealdel

HJELMELAND KOMMUNE

Innhold

1. Innleiing 2
2. Faresone 3
3. Sikringssone 4
4. Støysone 4
5. Infrastruktursone 4
6. Gjennomføringssone 4
7. Angitt hensynssone 4
   7.1. Naturmiljø 5
   7.2. Friluftsliv 7
   7.3. Grøntstruktur 8
   7.4. Kulturmiljø 8
8. Båndleggingssone 11
   8.1. Naturvern 11
   8.2. Kulturminnevern 11
   8.3. Båndlagd etter andre lover – Verna vassdrag 11
9. Detaljeringssone 12

1. Innleiing

Kommuneplanens arealdel har ei rekkje omsynssoner. Dei ulike sonene som er vist i vår kommuneplan er omtala i dette dokumentet.

Nedanfor er oversikt over dei ulike typane omsynssone som finnes og korleis desse ser ut i plankartet.

Flater **Objekttype/Eigenskap**	**SOSI-kode**	**Flatesignatur, nåværande**	**Flatesignatur, framtidig**
KpFareSone	310, 320, 330, 350, 360,370, 380, 390		
KpSikringSone	110, 120, 130, 190		
KpStøySone	210, 220, 230, 290		
KpInfrastrukturSone	410, 430, 440, 450		
KpGjennomføringSone	810, 820, 830		
KpAngittHensynSone	510, 520, 530, 540, 550, 560, 570, 580, 590		
KpBåndleggingSone (Arealst 1 og 2)	710, 720, 730, 735, 740,750		
KpDetaljeringSone (Videreføring av reg.plan)	910		
Små flater, alle hensynssoner			

2. Faresone

Faresoner er synt i plankartet med raud skravur. I kommuneplanen ligg det soner for naturfare (flaum, steinsprang, snøras, jord- og flaumskred), nettanlegg og skytebane.

For naturfare er det i all hovudsak aktsemdsoner som vert vist, det vil seie soner som har ein *potensiell* fare. Desse sonene er laga av NVE ved hjelp av datamodellar.

For å kartlegge reell fare må fagkyndig personell utføre nærare undersøkingar. For bygging innanfor sonene vert det synt til byggteknisk forskrift som gjev bestemmelsar om krav til nærare undersøkingar og eventuelle sikringstiltak.

I nokre områder er det kartlagd **reell fare,** som td skredprosjektet til NVE, for fleire område i kommunen, som td Sigmundstad Fister eller Almenningen Hjelmeland, eller flaumsonekart i Årdal. I desse tilfella er omsynssonene korrigert/klipt i forhold til kartlegginga, og dette vil gå fram av skildringa av faresona i kartet.

Område for naturfare endrar seg ved endring i terreng, oppdatert kunnskap og nye modellar. Oppdatert kunnskap skal alltid leggast til grunn, uavhengig av kva faresone som ligg i kommuneplanen.

3. Sikringssone

Nedslagsfelt for drikkevatn er synt med sikringssoner. Dette gjeld Valavatnet i Børkjaheia, Litlavatnet på Fister og Regnavatn på grensa til Strand. I desse område er aktivitet som kan negativt påverke drikkevasskjelda ikkje tillate.

4. Støysone

Støy er ein del av vurderingstema i KU/ROS av utbyggingsområde, og det er tatt omsyn til i vurderingane. Støysoner er ikkje vist i plankartet.

5. Infrastruktursone

Dette er soner for framtidige veganlegg.

6. Gjennomføringssone

Sone for krav om felles plan

Innanfor desse sonene er det krav om felles plan for eit større område, t.d. der fleire omsyn må sjåast i samanheng. Bruk av gjennomføringssone er vurdert i samband med dei aktuelle føremåla som sona dekker.

7. Angitt omsynssone

7.1. Mineralressurs

Dette er ei sone der ein skal ta særskild omsyn til mineralressurs stein i Knutsvikheia, Jøsneset, som er kartlagt som nasjonalt viktig (NGU). Det betyr at ein ikkje skal tillate tiltak i området som kan medføre at mineralressursen blir vesentleg svekka eller vanskelegare å utnytte i framtida. Planen gir ikkje føringar for at det skal bli uttak ein gong. Det må eventuelt avklarast gjennom ein framtidig kommuneplan.

7.2. Naturmiljø

Omsynssone natur i kommuneplanen syner eit utval av dei viktige naturområda som er registrert i kommunen. Tidlegare har ein lagt alle kartlagde naturtypar med verdiklasse A, altså svært/nasjonalt viktig som omsynssone naturmiljø i kommuneplanen. No er det gjort endringar i måten naturtypeområda vert kartlagd og vurdert, og det er ikkje tenleg å legge inn alle område som er kartlagd etter ny metodikk. Det er derfor gjort eit anna utval av naturtypeområder enn tidlegare, og sonene er langt færre. Det tyder ikkje av naturen i områda som er tatt ut har mindre verdi enn før men at ein vurderer at naturmangfaldlova gjev dei tilstrekkeleg vern utan at området er vist i kommuneplanen

Naturmangfaldlova skal leggast til grunn ved all forvaltning av areal, uavhengig av kor vidt området er vist med omsynssone i kommuneplanen. Oppdatert kunnskap skal alltid leggast til grunn, noko som betyr at t.d. nye arts- og naturtyperegistreringar må takast omsyn til.

Naturtypeområder

Det er tatt med område med kartlagde naturtypar med høg verdsetjing som ligg i tilknyting til eksisterande eller planlagde utbyggingsområdet. Dette gjeld både tidlegare kartlegging etter DN håndbok 13 og dei nyare NIN kartleggingane. Det er gjort enkelte tilpassingar, slik at det ikkje nødvendigvis er samsvar mellom den registrerte naturlokaliteten og avgrensinga av omsynssona. Dei same prinsippa er lagt til grunn for områder både i sjø og på land.

Gyteområde

I sjø er det lagt inn 3 områder som er viktige gyteområde for torsk og hyse, samt noko areal for ålegras- og tareskog. Gyteområda låg tidlegare med arealføremål «fiske», men er altså no endra til omsynssone naturmangfald og føremål «bruk og vern av sjø og vassdrag.

Sjøfugl

Tre holmar er lagt inn av omsyn til hekking for sjøfugl. Desse er valt ut på bakgrunn av observasjonar, og er meint å vere eit utval av viktige områder for fuglane.

Større samanhengande naturområde

Nokre større samanhengande naturområde tatt med: Hjelmen, Riskedalsvatnet og Byrkjaheia – Bjødnabu. I desse områda er omfanget av naturtypen større enn det som er vist med omsynssone. Sona i planen omfattar dei naturområda ei har vurdert at har størst behov for ekstra vern, både av omsyn til lokalitetane sin verdi men også i forhold til press på arealbruk. Samtidig kan det også vere felt innanfor omsynssona som har lågare verdi. Det må derfor uansett gjerast ei konkret vurdering av aktuelle saker.

Villrein

Villreinområde i heia jf. Heiplanen er vist med omsynssone der retningslinjene i Heiplanen skal leggast til grunn.

Nummer	**Område**	**Kjelde/ NaturbaseID**	**Hovudverdi**
N1	Østerhus	BN00044570	Skjeggknoppurt
N2	Hjelmen	BN00080448 BN00080449 BN00086552	Gammel boreal lauvskog Rik sump- og kildeskog Gammel fattig edellauvskog
N3	Gåsavatn – Steinslandsvatn	Limnologene Rapport 004	Elvemusling
N4	Ryfylkeheiane	Heiplanen	Villrein
N5	Riskedalsvatnet	BN00080477 BN00080475 BN00080479 Fleire NIN områder	Gammel boreal lauvskog Hagemark Haustingsskog
N6	Riskedalsvatnet og Mælånå	BN00080465	Hagemark
N7	Trodlatysdal	BN00080456 BN00080457 + raudlisteregistreringar	Naturbeitemark
N8	Ramslia	BN00044568	Høstingsskog
N9	Bjødnabu – Byrkjeheia mm	Fleire	Kystlynghei og sørlig nedbørsmyr
N10	Årdal gamle kyrkje	BN00080463	Parklandskap
N11	Hårsteinen	BM00102391	Større tareskogforekomster
N12	Ågerholmen	NINFP2110018298	Kystlynghei
N13	Gudlåsen Vest 1	NINFP1810016294	Open myrflate
N14	Sandangervågen vest 2	NINFP1810016295	Beiteskog
N15	Stemmemyra	NINFP1810015618	Flommyr, myrkant og myrskogsmark

N16	Kobbasteinen	NINFP1810015650	Eng-aktig sterkt endret fastmark
N17	Grunnavigholmen	BM00102494	Større tareskogforekomster
N18	Askvikholmen		Sjøfugl
N19	Prestholmen		Sjøfugl
N20	Kue		Sjøfugl
N21	Askvik	BN00044995	Skjeggknoppurt
N22	Jøsenfjorden	Fiskeridirektoratet	Gyteområde torsk og hyse
N23	Moldfadle	Fiskeridirektoratet	Gyteområde torsk og hyse Ålegras
N24	Svansholmen – Herøya	Fiskeridirektoratet	Gyteområde torsk og hyse

7.3. Friluftsliv

Omsynssoner for friluftsliv er vidareført likt som i førre kommuneplan. I desse områda skal omsynet til friluftsliv og rekreasjon ivaretakast, og tiltak som forringar friluftsinteressene skal i utgangspunktet ikkje tillatast.

Nr	Stad	Føremål
F1	Bjødnabu	Skiløype/turområde
F2	Nedre Tysdalsvatnet	Badeplass/turområde
F3	Søre Kvaløy, Randøy	Båtutfart
F4	Børøyholmen, Randøy	Båtutfart
F5	Søre Børøyholmen, Børøy	Friluftslivsområde
F6	Svansholmen	Båtutfart
F7	Langholmen, Nordskår	Båtutfart
F8	Åkerholmen, Nordskår	Båtutfart
F9	Storholmen, Nordskår	Båtutfart
F10	Longehølen, Jøsenfjorden	Badeplass i elva Ulla
F11	Longemo, Jøsenfjorden	Badeplass i elva Ulla
F12	Skiftunstranda, Jøsneset	Badestrand
F13	Surdal, Randøy	Badeplass, eksisterande stiadkomst kan nyttast. Tilrettelegging av parkering ved fylkesveg.
F14	Sandnes, Hetlandsvatnet	Badeplass
F15	Staurland, Hetlandsvatnet	Badeplass

7.4. Grøntstruktur

Omsynssone for grøntstruktur er vidareført tilsvarande som i førre kommuenplan. Ein skal ta omsyn til natur-, rekreasjons- og landskapskvalitetar ved forvaltning av desse områda.

- Storånå frå Nes til sjøen i Årdal, samt side-elva Bjørg.
- Langs stranda Svadberg, Årdal.

7.5. Kulturmiljø

I områda med omsynssone kulturmiljø skal det takast særskild omsyn til kulturmiljøet ved handsaming av saker. I dei fleste tilfella skal Rogaland fylkeskommune som kulturminnemynde ha anledning til å uttale seg før kommunen gjev løyve til nye tiltak eller endringar.

Riksantikvaren nyttar følgjande definisjonar:

- Eit kulturmiljø er eit område der kulturminne inngår som del av ein større heilskap eller samanheng. Naturelement med kulturhistorisk verdi kan vere ein del av eit kulturmiljø.
- Eit landskap er eit samlenamn på våre omgivnader som ligg utandørs, både naturgitte og menneskeskapte. Landskapet er forma av samspelet mellom mennesket og naturen.

Omsynssone kulturmiljø er nytta på nasjonalt- og regionalt viktige kulturmiljø og nyare tids kulturminner. Kommuneplanen har også føringar for sefrak- A registrerte bygningar, men desse er ikkje vist i plankartet.

Viktige kulturmiljø-område

	Stad	Tema/bevaringsverdi
K1	Hjelmelandsvågen/Nordbygda	Trehusmiljø, nasjonalt viktig
K2	Nedre Valheim-Viglesdalen-Nilsbu	Jf. Kulturmiljøplanen, nasjonalt viktig
K3	Vigatunet	Busetnadspor, gravminne, bygdeborg, Vigatunet museumsområde, nasjonalt viktig
K4	Ramsfjell	Kulturlandskap, bygningsmiljø jordbruks og busetjingshistorie , regionalt viktig
K5	Tøtlandsvik	Eldre naustmiljø og nausttufter, regionalt viktig

I førre kommuneplan var det Nordbygda/Hjelmelandsvågen, Vigatunet og Viglesdalen som låg inne. Etter at gjeldande kommuneplan blei vedtatt er det vedtatt reginalplan for kulturmiljø for Rogaland, der det er fastsett kva som er rekna som regionalt viktige kulturmiljø. Riksantikvaren har også oppdatert og utvida si liste over område med nasjonalt viktige kulturmiljø og landskap. Som følgje av dette har området i Hjelmelandsvågen/Nordbygda er blitt noko utvida og også tatt med i lista over nasjonalt viktige område. Området kring Vigatunet er uendra i omfang, men status er endra frå regionalt viktig til nasjonalt viktig.
Nedre Valheim – Viglesdalen – Nilsebu er også rekna som kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse, og området er vesentleg utvida i forhold til området i Viglesdalen som låg inne i førre kommuneplan.

Kulturmiljøet knytt til bygningane på Ramsfjell er registrert med regional interesse. Det same gjeld naustområdet i Tøtlandsvik.

Nyare kulturminne:

Det er ingen endringar i nyare tids kulturminne i forhold til førre kommuneplan.

Nyare kulturminne er kulturminne frå etter 1537. Kulturminne frå perioden 1537 til 1650 er fredet etter lov om kulturminne. For nyare kulturminne krevst særskilt vedtak eller regulering.

Nr	Stad, bygd	Gnr/ Bnr	Type bygg/anlegg
K7	Hauskje/Mjølhus	69/1	steinbru/Hausken bru, 1905
K8	Årdal v/RV13	100/3	steinbru/Mæle bru, CA 1895
K9	Fister		Fister kyrkje
K10	Årdal		Ny kyrkje
K11	Hetlelid, Årdal	139/8	gardshus
K12	Driftland, Årdal	136/1 mfl	gardshus
K13	Høiland, Årdal		Dalen skulehus
K14	Hjelmeland		Heradsstova,
K15	Fister		Støle Bru,
K16	Måland, Årdal		Skulehus
K17	Randa, Randøy		Bedehus,
K18	Randa, Randøy		Husmannsplass,
K19	Sande gardstun Hjelmeland		Bevaringsverdig gardstun, ligg som spesialområde bevaring I gjelande reguleringsplan R47, og skal vidareførast slik i ny reguleringsplan
K20	Prestavegen, Årdal		Nordside av Riskedalsvatnet
K21	Haugen, Fundingsland		Husmannsplass

SEFRAK - Klasse A

SEFRAK er eit eige register over faste kulturminne frå før 1900. SEFRAK klasse A, B og C - bygg går ikkje fram av plankartet, men visast via Matrikkel og Askeladden. Bygningar i SEFRAK registeret har i utgangspunktet ingen særskilde restriksjonar, men seier noko om bygningen sin kulturminneverdi. Klasse A er bygningar som i klassifiseringa er vurdert som bygg med fredingspotensiale.

Det er i kommuneplanen gjeve retningslinje om at tiltak som gjeld A og B objekt skal på høyring til regionale kulturmyndigheiter, jf. kulturminnelova § 25. Det same gjeld C-objekt som ligg i eit samla kulturmiljø med fleire SEFRAK-objekt.

8. Båndleggingssone

8.1. Naturvern

Gjeld områder som er verna etter naturmangfaldlova (tidlegare naturvernlova). Kvart av områda har ei eiga forskrift for forvaltning av arealet.

Namn	**Forvaltningsmynde**
Vormedalsheia landskapsvernområde	Verneområdestyret for Setesdal – Vesthei - Ryfylkeheiane
Lusaheia landskapsvernområde	Verneområdestyret for Setesdal – Vesthei - Ryfylkeheiane
Øyastølsmyra naturreservat	Verneområdestyret for Setesdal – Vesthei - Ryfylkeheiane
Nordstølheia naturreservat	Verneområdestyret for Setesdal – Vesthei - Ryfylkeheiane
Longavatnet naturreservat	Statsforvaltaren i Rogaland
Målandsdalen naturreservat	Statsforvaltaren i Rogaland
Fisterfjell naturreservat	Statsforvaltaren i Rogaland
Moldfallet naturreserva	Statsforvaltaren i Rogaland
Kåda naturreservat	Statsforvaltaren i Rogaland

8.2. Kulturminnevern

Kulturminne som er automatisk freda etter kulturminnelova er synt i plankartet. Det gjeld følgjande område:

Nr	Stad	Id-Askeladden	Beskriving
BO10	Soppaland, Årdal	14777	Gravfelt frå jernalder
BO11	Kyrkjhus, Årdal	89578	Årdal gml kyrkje og middelalderske kyrkjegard
BO12	Hortane/Mele, Årdal	4950	Gravfelt og to nausttufter frå jernalder
BO13	Midtre Fister	65660	Gravfelt frå jernalder
BO14	Midtre Fister	72179	Gravfelt frå jernalder
BO15	Nedre Fister	24119 og 84142	Middelalderkyrkjegard og to gravrøyser frå jernalder
BO16	Riskadal	72182	Gardsanlegg frå jernalder
BO17	Byrkja	44455	Gardsanlegg frå jernalder
BO18	Mjølhus	72175	Bygdeborg frå jernalder og ei gravrøys som kan vere frå bronsealder
BO19	Riskedal-Ingvaldstad	34425	Veganlegg - Prestavegen

8.3. Båndlagd etter andre lover – Verna vassdrag

I Hjelmeland er to vassdrag verna gjennom verneplan for vassdrag. Dette er vassdraga Vorma og Norddalsåna som er omfatta av rikspolitiske retningslinjer (RPR) for verna

vassdrag. RPR vert lagt til grunn for arealdisponeringa innanfor båndleggingssonene. Desse går fram av forskrifta Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag.

9. Detaljeringssone gjeldande reguleringsplan

Sonene syner område der eksisterande reguleringsplan framleis skal gjelde slik den vart vedtatt. Kommuneplanen syner i plankartet kun ei generalisert/grovtolka arealbruk innanfor desse regulerte sonene. Reguleringsplanar er mykje meir detaljerte, og der det er avvik mellom kommuneplan og reguleringsplan i ei slik sone er det reguleringsplanen som gjeld.

Lista over reguleringsplanar som framleis skal gjelde er ikkje lik den som er i gjeldande plan.

For det første så er det vedtatt 26 nye reguleringsplanar sidan 2019, som nå er lagt inn i plankart med «detaljeringssone reguleringsplan gjeld».

For det andre er det trekt vekk dei 32 reguleringsplanane som ein nå foreslår å oppheve. Desse er vist på lista i kap 7.8 med gjennomstryking/markert farge slik at det er lett å sjå kva planar det gjeld.

PS: det gjenstår ei mindre korrigering i plankartet for nokre få område i Hjelmeland sentrum, der reguleringsplanane er «overstyrt» av kommuneplanen. Dette går fram av lista i kap 7.8. Her skal skravuren i plankartet reduserast, slik at det blir juridisk korrekt, og dette blir gjort før planen blir sendt på høyring.